

# Invitasjon

## til å delta i Drikkevassstudien



**FOLKEHELSEINSTITUTTET** inviterer personar frå heile Noreg til å delta i ei spørjeundersøking om samanhengen mellom drikkevatt og magesjuka. Barnet ditt er tilfeldig trekt ut og står på lista vår over moglege deltakarar i dette forskingsprosjektet. Undersøkinga er viktig for å sikre godt og trygt drikkevatt i framtida.

Norsk Gallup vil hjelpe Folkehelseinstituttet med datainnsamlinga og vil kontakte deg på telefon om nokre dagar for å informere meir om prosjektet.

### KVA INNEBER DET Å DELTA?

- Begge føresette må signere samtykkeerklæringa nedanfor.
- Du må svare på to spørjeskjema på vegne av barnet ditt; eitt før studien startar og eitt når studien er ferdig. Kvart spørjeskjema tar cirka 10 minutt å fylle ut.
- Du må svare på eit kort spørjeskjema på SMS ein gong i månaden, i eitt år. Dette tar 1–3 minutt per gong.

*Blant deltakarane i studien vil vi trekke 10 vinnarar som får eit nettbrett av valfritt merke, med verdi opptil 5 000 kroner.*



### SAMTYKKEERKLÆRING FOR FØRESETTE

Eg har lese og forstått informasjonen i invitasjonsbrevet og gir samtykke til at barnet mitt/vårt deltek i Drikkevassstudien.

Deltakaren sitt namn \_\_\_\_\_

ID-nr: \_\_\_\_\_

Stad og dato \_\_\_\_\_

Føresette 1, fullt namn (bruk blokkbokstavar) \_\_\_\_\_

Føresette 2, fullt namn (bruk blokkbokstavar) \_\_\_\_\_

Føresette 1, signatur \_\_\_\_\_

Føresette 2, signatur \_\_\_\_\_

Samtykkesvarslippen kan enten 1) fotograferast og sendast elektronisk på SMS til 941 75 047, eller 2) klippast av ved den stipla lina og returnerast i den frankerte svarkonvolutten som ligg ved.



## FØREMÅLET MED STUDIEN

I Noreg har vi svært godt og trygt drikkevatt. Likevel på grunn av svikt i vassbehandlingsanlegg, brot på gamle vassrøyr og klimaendringar er det kvart år nokre som vert sjuke av drikkevatt. Symptoma er blant anna diaré, kvalme og oppkast. Det kan vere mange ulike årsaker til magesjuka, og dei færreste går til lege med plager som går over etter kort tid. Derfor veit vi ikkje kor mange som vert sjuke av akkurat drikkevatt. Vi treng hjelp frå deg for å finne ut meir om dette.

## KVA INNEBER DET Å DELTA?

Du som forelder/føresett må svare på to spørjeskjema på e-post; eitt før studien startar og eitt når studien er ferdig. Ein gong i månaden i 12 månader vil du få ein SMS med enkle spørsmål om kor mykje vatn barnet ditt har drukke det siste døgnet, og om han/ho har vore magesjuk den siste månaden. Dersom barnet har hatt magesjuka, vil du få spørsmål om symptoma, og kor lenge barnet var sjuk. Du kan på ein enkel måte fylle ut skjemaet via mobiltelefonen din, det tek berre nokre få minutt.

## DELTAINGA ER FRIVILLIG, KRAV OM SAMTYKKEERKLÆRING

Ut frå den gjeldande personvernlovgivinga må begge føresette underteikne samtykkeerklæringa for at barnet skal kunne delta i studien. Sjå nedst på første side. Samtykkesvarslippen kan enten 1) fotograferast og sendast elektronisk på SMS til 941 75 047, eller 2) klippast

av ved den stipla lina og returnerast i den frankerte svarkonvolutten som ligg ved.

Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekke barnet ditt frå studien utan å oppgi grunn. Du kan òg krevje å få sletta innsamla opplysningar om barnet. Dersom du har spørsmål om studien, kan du kontakte oss på [www.fhi.no/studier/drikkevannsstudien/kontakt](http://www.fhi.no/studier/drikkevannsstudien/kontakt). Dersom du har tekniske problem, kan du kontakte Norsk Gallup på 800 84 700 .

## KVA SKJER MED INFORMASJONEN OM BARNET DITT?

Alle opplysningar vil verte aidentifiserte og deretter sletta seinast fem år etter prosjektslutt. Studien er godkjend av Regionale komitear for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK (2016/1422).

DU KAN LESE MEIR OM  
DRIKKVASSTUDIEN PÅ  
HEIMESIDA VÅR:  
[www.fhi.no/studier/  
drikkevannsstudien](http://www.fhi.no/studier/drikkevannsstudien)

